



STORD  
KOMMUNE



Underskriftaksjonen «Nei til nytt ferjestø i Sævarhagsvikjo» v Aksjon  
Postboks 1062

5407 STORD

Vår dato: 11.07.2018  
Vår ref: 2018/1782 - 16819/2018 / 028  
Dykkar ref:

## **Innbyggjarforslag - Nei til nytt ferjestø i Sævarhagsvikjo**

Viser til Dykkar innbyggjarinitiativ vedrørande «Nei til nytt ferjestø i Sævarhagsvikjo». Det er samla 1900 underskrifter (10% av innbyggjarane i Stord kommune), og saka vert fremja etter Komunelova §39a som innbyggjarforslag.

Først av alt vil vi seie at vi er glad for engasjement i saka!

I denne saka vil vi vise til det planarbeidet som er sett i gang av Stord kommune, Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune kva gjeld interkommunal kommunedelplan for ferjesambandet Stord – Kvinnherad. Det vert arbeidd med eit planprogram for dette planarbeidet som skal sendast på høyring. Det vil ved vedtak av dette planprogrammet bli teke stilling til kva for alternative ferjestø som skal vere med i vidare utgreiling i planarbeidet.

Kommunelova §39a pkt 2 seier at «Kommunestyret eller fylkestinget skal ta stilling til forslaget senest 6 månader etter at det er fremmet. Tidsfristen gjelder ikke dersom forslaget henvises til behandling i forbindelse med pågående plansak etter plan- og bygningsloven. Forslagsstillerne skal informeres om de avgjørelser som treffes, og de tiltak som gjennomføres som følge av forslaget.»

Me vil med dette vise til at forslaget i første omgang vil bli handsama i samband med pågående planprosess.

Med helsing

Lovise Vestbøstad  
kommunalsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift*

Kopi:  
Hordaland fylkeskommune  
Kvinnherad kommune

Rådmannen

Rådhuset  
post@stord.kommune.no

Telefon  
53 49 68 18

Org.nr  
939 866 914